

Dyvik den 18 juni 1925.

Brevet vart sendt til eigarane av dei fire hovudbruka på Straume, Storstova, Olastova, Nistova og Karistova. Namna på konvolutten er: Knut Andersen, John Olsen, Ole Magnussen og Mons Knutsen.

Grandegard, grandar og samstundes Skyldfolk !

Tidi gaar ustandselegt, ingen jordisk makt kan stogga den. Den kjem, fær, og vert burte. Vert kalla i bøker: "Fordumstid, elder av os, "føritidi".

Men noko er att: "Gud ! og uppgjæret for den farne tid -----.

Soleis hev det og for os jenge time etter time, Dag for dag, Vika etter vika, Maanad etter maanad, Aar etter aar, og me nærmar os sterkt ein milepæl ! liksom, paa vår livsveg.

Elder rettere kanske, Ein merkedag i livet. Den 28 juni er det 50 aarsdagen sidan vort bryllaup. Me er til den dagen tenk til, - liksom i taksemd for Guds godheit imot os – aa minnast den dagen, og be sytsken, nærmeste naboor, og nokre vener vera med os paa minnedagen aa skifta eitmaal mat og ein kopp kaffe, elder to.

Me vil difor paa denne maaten, ved dette brevet daa det er lettaste aa faa odre til Dykk, be Dykker etter nemde ta turen inn til oss sundag 25 juni. helst før Kl. 11 f.m. Knut Andersen og kona. Di gamle mor maa absolut vera med, og vil inkje sòn Dykkar Anders forsmaa tilbodet, so ser me han kjem. John Olsen og kona. Maria Johnsdatter og son Ola, medhjepar Mons Knutsen og kona.

Så vil eg nemna her som til andre. Ingen presangar som sume hev for skikk. Um nokon sku finna paa det lyt dei ta det atende.

Eg vil be um: Lat dei i brevet nemde faa sjaa brevet. Og ver så alle velkomne.

Helsing

Einar Dyvik